

## **Reglar for bruk av Friluftscena på Prestegardslandet:**

### **Tilskippingar**

1. Friluftsscena kan brukast til ulike former for kulturaktivitetar, som song, dans, teater, revy møte og stemne av ymse slag og premieutdeling etter idrettstevlingar .

Kommersielle tilskippingar kan og vurderast.

2. Tilskipar sender søknad til Voss Musikkråd, evt. gjennom kulturetaten i Voss kommune, seinast 14 dagar før tilskipinga skal finna stad. Voss Musikkråd avgjer så om vedkommande får nytta scena eller ikkje og gjer eventuell prioritering ved kollisjon.

Elles gjeld *Føresegn om politivedtektfor Voss kommune:*

**§ 4:** *-melding til politiet påførehand* om framføring av song og musikk, framsyning eller bruk av høgtalar .

**§ 25:** *-søknad til politiet* om tilskipping som i hovudsak er av underholdande, kunstnarisk, selskapeleg eller kommersielt slag, og som har ein storleik som opplagt vil føra til regulering av ferdsla og vakthald.

**§ 26:** *-melding til politiet på førehand* om tilskippingar som er allment tilgjengeleg

Tilskipar må sjølv halda seg orientert om aktuelle paragrafar i politivedtektene og sender sjølv melding / søknad til politiet.

### **Lydnivå**

3. Lydnivået må liggja innafor akseptable grenser.

### **Tidspunkt**

4. Tilskippingar må vera avslutta seinast kl. 22.00.

Ved særlege høve kan det søkjast om å forlengja tilskipinga utover dette tidspunktet.

### **Vakthald**

5. Ved stemne / tilskippingar som opplagt vil samla mykje folk, må tilskipar stilla med naudsynte vakter.

Vaktene skal vera over 18 år og ha vaktbind.

## **Reklame**

6. Eventuelle plakatar og reklamesegl frå sponsorar og lignende. kan nyttast ved scene og stemneområde. Bruken skal vera estetisk akseptabel og i rimeleg omfang.

Tilskipar syter for montering og nedtaking straks tilskipinga er avslutta.

## **Leigetakstar**

7. Medlemslaga til Voss Musikkråd og lokale orkester, korps, kor og band som har tilskipingar utan inngangspengar, får leiga scena gratis.

For andre er grunntaksten kr 1.200,- pr. dag I tilskiping.

Ved større tilskipingar kan taksten vurderast.

Alle tilskiparar som brukar straum, betalar denne etter målaravlesing.

## **Opprydding**

8. Straks tilskipinga er avslutta, pliktar tilskipar å rydda scena og plassen rundt.

## **Ansvar ved eventuelle skadar**

9. Tilskipar er økonomisk ansvarleg for skadar som scena eventuelt vert påført under ei tilskiping